

Årlig redegjørelse – Blom 2025

Innleiing

Åpenhetsloven trådte i kraft 1. juli 2022, og ut frå vilkåra gitt i loven er denne gjeldande for Blom Fiskeoppdrett AS og Blom Settefisk AS. Åpenhetsloven har som formål å fremje verksemders respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og sikre at verksemndene er opne om korleis dei arbeider med dette, og korleis dei handterer negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

I følgje loven skal verksemndene gjennomføre aktsemdvurderingar, for å sikre at selskapet sine tilsette har anstendige arbeidsvilkår og ikkje opplever brot på menneskerettar. Vidare skal aktsemdvurderinga dekke selskapet sitt arbeid for å ivareta menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår i heile verdikjeden. Aktsemdvurderingane innheld også vurderingar av tidlegare brot på arbeidarrettar og menneskerettar, med tilhøyrande oppretting og tiltak.

I tillegg til aktsemdvurderinga utarbeidd konsernet Etiske retningslinjer i 2022, for å presisere at vi tar ansvar på dette området, kva verdiar selskapet representerer, kva rettar dei tilsette har, og kva forventning selskapet har til dei tilsette og kulturen i selskapet. Dei etiske retningslinjene er lagt fram for styra ihhv Blom Fiskeoppdrett AS og Blom Settefisk AS, og styra gir støtte til og stiller seg bak desse retningslinjene. Selskapet sitt ansvar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold både for eigne tilsette og i leverandørkjeden er dermed forankra i selskapa sine øverste organ.

Organisering

Blom Fiskeoppdrett AS har datterselskap Blom Settefisk AS. Blom Gruppen AS er morselskapet til Blom Fiskeoppdrett. Konsernet har 65 fast tilsette (pr 31/12-24). Konsernet har hovedkontor på Ulvøy i Øygarden kommune, og matfiskselskapet har lokasjonar for oppdrett i Øygarden, Austrheim, Masfjorden, Alver og Kinn kommunar. Hovedformålet til selskapet er oppdrett av laks og aure.

Blom Settefisk har tre avdelingar, Strømsnes på Askøy, og Skålvik og Kvernavika i Øygarden kommune. Selskapet kjøper rogn av laks og aure, og leverer smolt til morselskapet samt yngel og smolt til eksterne.

Selskapa har felles stabsfunksjonar og dagleg leiari.

Blom-konsernet arbeider med å ferdigstille eit heilheitleg kvalitetssystem, der overordna styrande dokumentasjon, prosedyrer, sjekklister, avvikshandtering og risikovurderingar blir samla, for å ivareta god, dokumentert, risikobasert verksemdstyring.

Selskapa i konsernet er Global GAP og GRASP-sertifiserte. GRASP er sosial praksis-delen av Global GAP-sertifiseringa. Global GAP er ei frivillig sertifisering som blant anna bidrar til å avdekke eventuelle avvik på anstendige arbeidsforhold.

Konsernet si aktsemdvurdering

Risiko

Blom Fiskeoppdrett og Blom Settefisk har utarbeidd ei felles aktsemdvurdering.

Risikovurderingene på HR/Personal er ei sjølvstendig risikovurdering på dette fagområdet, og utgjer ein del av verksemdstyringa i Blom-konsernet. Her er det også tatt inn vurdering av historiske brot, negative konsekvensar og eventuelle behov for oppretting, og vurderingane dekkjer kravet om risikovurdering på anstendige arbeidsforhold i eige selskap. I tillegg er det gjort tilsvarende vurderingar på grunnleggande menneskerettar i konsernet.

Vidare tar aktsemdvurderinga opp i seg vurdering av arbeidet opp mot leverandørar og underleverandørar. Som medeigar i Salmon group, deltek konsernet i Salmon Group sitt arbeid mot leverandørkjeden.

I dette samarbeidet er vi tilslutta systemet Ignite, der oppdrettarane i Salmon Group i fellesskap får risikovurderingar på kvar leverandør, og kan dra nytte av kvarandre og Salmon Group sine vurderingar, oppfølging og revisjonar. Salmon Group gjennomfører revisjonar på vegne av eigarfellesskapet. På denne måten sikrar vi oppfølging av leverandørane våre på ein god, risikobasert og systematisk måte.

Funn og oppretting

Det er ikkje avdekt alvorlege brot på menneskerettar eller andre forhold som må rettast opp.

Risiko i eige selskap

I aktsemdvurderingar for arbeidsforhold for eigne tilsette, finn vi enkelte avvik og dermed høgare risiko, når det gjeld bruk av overtid. Her har vi gjennomført ulike tiltak som har gitt positive resultat, men vi vurderer fortsatt at dette har ein risiko som vi vil følgje opp for å redusere den ytterlegare.

Vidare identifiserte vi i 2023 ein risiko for manglande informasjon til ferievikarar og særleg unge tilsette, om kva rettar dei har. For å redusere risiko for manglande informasjon og opplæring og rettar, utarbeidde Blom eit dokument som presiserer rettar og viktig informasjon, som ferievikarar får utdelt når dei startar arbeid hos Blom.

I nyaste revisjon av aktsemdvurderingane har vi identifisert ufullstendig eller manglande opplæring av nye som ein risiko for sikkerheit på jobb. Dette vil bli fulgt opp i 2025.

Risiko hos leverandørar

I løpet av 2024 starta arbeidet med nybygg på Blom Settefisk si avdeling på Strømsnes.

Byggebransjen generelt er eit område med forhøya risiko mtp brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og som vi difor identifiserte i 2023 som ein risiko vi vil følgje opp. Revisjon vart gjennomført i november 2024.

Tiltak på identifiserte risiki

Tiltak i eige selskap

Risiko for brot på arbeidstidsreglar

Konsernet har iverksett tiltak for å sikre at det ikkje skjer brot på arbeidstidsreglar. I Blom Settefisk var det i 2024 tilsett fleire havbruksstudentar i deltidstilling, for å redusere mengde overtid og risiko for brot på arbeidstidsreglar for dei fulltidstilsette ifbm helgevakter, vaksinering, levering og anna ekstraordinært arbeid som går utover normal arbeidstid.

Vidare har mellomleiarane blitt fulgt opp på dette, og arbeidstid og vaktordningar var tatt opp som eit eige tema på konsernet si mellomleiarsamling hausten 2024, i tillegg til at administrasjonen har fulgt opp direkte med leiarar der overtid fortsatt utgjer ei utfordring. Tiltaka har gitt positive resultat, men vi har fortsatt enkelte avvik, og arbeidet vil fortsette i 2025.

Risiko for at nye ikkje er godt nok kjent med sine rettar

Konsernet utarbeidde i 2024 eit dokument med informasjon til ferievikarar, som presiserer særskilt dei mest aktuelle reglane, kva rettar dei har, om arbeidstid, HMS og varsling av kritikkverdige forhold, og kvar ein kan finne meir informasjon om dette. Informasjonsskrivet har særskilt informasjon for tilsette under 18 år. Dette er blitt delt ut til alle sommarvikarar og nye deltidstilsette i 2024, i tillegg til at havbruksstudentane som har kome inn våren 24 har hatt eigne opplæringsdagar gjennomført av deira avdelingsleiar.

Risiko for manglande opplæring

Nyaste aktsemdvurdering har identifisert ein risiko for mangelfull opplæring av nytilsette. Tiltak på dette vil vere å utarbeide tilpassa sjekklisten for opplæring, som vil bli registrert i kvalitetssystemet og brukt av alle i selskapet som tek imot nytilsette. Blom vil utarbeide skriftleg rutine som rettleier på bruk av sjekklisten ved gjennomføring av opplæring, og dokumentasjon av gjennomført opplæring på den enkelte tilsette i kvalitetssystemet. Dette vil sikre ei systematisk oppfølging av opplæringa.

Tiltak opp mot leverandørar

Risiko for brot på anstendige arbeidsforhold hos entreprenørar i Blom Settefisk sitt byggeprosjekt

Som nemnt i fjarårets årlige redegjørelse, var det i konsernet si aktsemdvurdering identifisert ein nærliggande risiko mtp brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, fordi Blom Settefisk starta opp eit byggeprosjekt på Strømsnes, og byggebransjen generelt har ein forhøya risiko på dette området. I tilbudsgrunnlaget, som er ein del av avtalen med ulike entreprenørar, tok vi inn at vi er underlagt og følgjer åpenhetsloven, og stiller krav til våre leverandørar om at dei har anstendige arbeidsforhold for sine tilsette. Vidare tok vi inn at vi har rett til å gjennomføre revisjonar av dei. Planlagt tiltak i fjar var å gjennomføre revisjonar av entreprenørar i løpet av prosjektet, og dette vart gjennomført i november 2024. Revisjonen, som gjekk på arbeidsforhold og kompensasjon mm hos dei tre største entreprenørane, vart gjennomført av KPMG. Revisjonen avdekte fleire avvik som går på arbeidstid og kompensasjon, ingen svært alvorlege, men Blom følgjer opp funna i rapporten med



April 2025

dei ulike aktørane og ber dei forklare og evt korrigere. Rapporten var klar først i april 2025, og prosessen er ikkje avslutta mot entreprenørane på det tidspunktet årlig redegjørelse skal handsamast av styret.

Kommunikasjon

Arbeidet med åpenhetsloven og rettar og konsekvensar for dei tilsette har vore omtala på allmøte, og dei tilsette har tilgang på styrande dokument via kvalitetssystemet på mobiltelefon.

Etisk reglement og denne årlege redegjørelsen er tilgjengeleg på selskapet sine nettsider, www.blomsea.no.

Revisjon

I tillegg til årleg gjennomgang av arbeidsforhold og sosial praksis ifbm GRASP-sertifisering, vil Blom revidere årleg både risikovurderingar på HR, HMS og den overordna aktsemdvurderinga.

Signering

Dokumentet er lagt fram likelydande til medlemene i styra i Blom Fiskeoppdrett og i Blom Settefisk, og signert digitalt av styremedlemene samt dagleg leiar.

Blom Fiskeoppdrett

Marit Solberg – styreleiar

Sverre Søraa – styremedlem

Grunde Bruland – styremedlem

Erlend Sødal – styremedlem

Lina Braanaas Utne - styremedlem

Blom Settefisk

Erlend Sødal – styreleiar

Markus Braanaas – styremedlem

Ivar Emil Sangolt – styremedlem

Blom Fiskeoppdrett og Blom settefisk

Øyvind Blom – dagleg leiar

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tästä sivua
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 5 pages before this page
Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tästä sivua
Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende